



Vår saksbehandler  
Bård Ottesen – tlf 57 65 51 53  
E-post: bot@fm-sf.stat.no

Vår dato 22.03.2003 Vår referanse 2003/1401 - 422.1

Dykkar dato 29.11.2002 Dykkar referanse

02   2351 - 137	
DATO 01 APR. 2003	
AN 501 Vassdr. l.	EKSP.

Olje og Energidepartement  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

## Høyrings sak – endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova

Vi viser til høyringsbrev 29.11.02 og til brev av 23.01.03 om generell fristutsetting til 31.03.03 for høyringsinstansane.

Fylkesmannen har ikkje hatt høve til å gå detaljert inn i høyringsframlegget om endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova. Vi er likevel oppteken av at kommunane sine interesser vert ivaretekne i eventuelle lovendringar. Vidare er det etter fylkesmannen sitt syn viktig at dei allmenne miljøverninteresser vert ivaretekne minst like godt som i eksisterande lover.

Fylkesmannen ser klart verdien av at offentlege styresmakter kan halde kontroll med utnyttinga av vassdragsressursane til beste for allmenta. Heimfallsretten til staten for private konsesjonar har lagt til rette for at vasskraftressursane kunne utviklast med privat kapital og kompetanse, samstundes som styresmaktene hadde kontroll og styring med utnyttinga av ressursane, inkludert tilgang til eigarskapet på lang sikt. For miljøverninteressene har heimfallet til staten gitt moglegheiter til på fritt grunnlag å fatte avgjerd om t.d. å leggje ned kraftproduksjonen eller – gjerne meir vanleg – vidare drift basert på nye og meir miljøtilpassa vilkår.

Då konsesjonsplikt vart innført for kommunale og fylkeskommunale anlegg, vart det gjeve tidsbegrensa konsesjonar utan heimfallsvilkår. Kommunale og fylkeskommunale anlegg var gjennom oppdekkingsplikta ledd i det offentlege sitt ansvar for å sikre befolkninga tilgang på elektrisitet. Høyringsdokumentet viser til at ein gjennom restruktureringa av kraftmarknaden på 1990-talet har fått endra føresetnader for ulike rammevilkår for private og offentlege aktørar.

Departementet kjem på denne bakgrunnen med framlegg om at det skal setjast vilkår om heimfall også for offentleg eigde kraftverk, 75 år etter lovendringstidspunktet. Det vert samstundes gjort framlegg om å utvide konsesjonstida etter vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova frå 60 til 75 år.

Høyringsdokumentet har også vurdert alternativ til korleis eit eigarskapsnøytralt heimfallsinstitutt kan innførast.

Fylkesmannen registrerer at det i høyringsdokumentet er lagt stor vekt på å gå gjennom det rettslege grunnlaget for framlegget, og i kva grad framlegget kan gjennomførast utan at det oppstår plikt til å yte erstatning etter Grunnlova for dei berørte statsføretaka, fylkeskommunane, kommunane og dei offentlege selskapa.


Utan å ta stilling til det rettslege grunnlaget, vil fylkesmannen gje uttrykk for uro over at kommunale og fylkeskommunale kraftverkseigarar gjennom dette framlegget kan få store verditap. Mange kommunar med eigardelar i kraftverk har i dag basert kommuneøkonomien på framtidige inntekter av desse kraftverka. Med reduserte inntekter, vil desse kommunane på lang sikt kunne få tilsvarande problem med kommuneøkonomien som dei mange kommunane i Sogn og Fjordane som i dag ikkje har store eigardelar i kraftverk.

Fylkesmannen har også notert seg KS sitt framlegg til alternativ modell der vilkår om heimfall først vert pålagt den nye eigaren etter sal av offentlege kraftanlegg. Fylkesmannen ber om at kommunane sine synspunkt vert tillagt stor vekt i det vidare arbeidet

Med helsing



Oddvar Flæte



Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Kopi: Vass, Land, OF, NEY, GFB, BOT